



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Kommunehuset, Åseral

Dato: 20.02.2023

Tidspunkt: 11:00 - 15:30

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Margrete Dysjaland	Medlem	
Gerd Helen Bø	Medlem	
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Jan Dalen	Medlem	
Margrethe Handeland	Medlem	
Henry Tendenes	Medlem	
Sigbjørn Åge Fossdal	Medlem	
Torunn Munthe	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	LEDER	
Janne Nystøl	MEDL	
Stanley Wirak	MEDL	
Per Sverre Kvinlaug	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Møtegodtgjersle 6 timar for dei som møtte fysisk

Møtegodtgjersle 4 timar for dei som deltok på Teams

Øvrige frammøtte:

Navn

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Steinar Kyrvestad

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 2/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 3/23	Orienteringer		
RS 1/23	Referatsaker		
RS 2/23	Bygland - 4/2 - søknad om motorferdsel i SVR - helikoptertransport		2022/5697
RS 3/23	Innvilga søknad om omlegging av DNT sør si vinterløype nord for Langevatn i Åseral og Bygland kommune. Agder Energi.		2022/6635
RS 4/23	Tillatelse til transport med helikopter		2022/7519
RS 5/23	Vedk. førespurnad om utsatt klagefrist		2022/10583
RS 6/23	Innvilga søknad om løyve til stikking av turistløypa til Sloaros. Hovden Hytteservice AS. Bykle kommune.		2018/1426
RS 7/23	Tillatelse til transport med snøskuter gnr/bnr 9/1 i Sirdal		2022/8635
RS 8/23	Tillatelse til å bruke ATV med belter og snøskuter til hytter i Hægebostad kommune		2022/1419
RS 9/23	Tillatelse til å bruke snøskuter for å frakte nødvendig material, utstyr, proviant ol. Åseral kommune		2023/367
RS 10/23	SVR - nye representantar i verneområdestyret for Setesdal vesthei		2019/10481
RS 11/23	Innvilga søknad om endring i snøscooterløyve. Uhomssøylen 3/17. Rune Wehus. Bygland kommune		2022/395
RS 12/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 5/23, Bygland kommune - Erik Årstad		2023/653
RS 13/23	Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking av beitedyr i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde		2022/9348
RS 14/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i samband med filming ved Øyarvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - SRS Media		2023/1443
RS 15/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal kommune - Blåfjell beitelag		2023/1660

RS 16/23	Innvilget løyve til å transportere brensel, utstyr og proviant til hytter øst for Kvifjorden gnr/bnr 5/12 i Bygland kommune	2019/109
RS 17/23	Innvilga søknad om endring i snøscooterløyve. 50/1 Bossbustøylane. Inga Beth Bø Uppstad. Valle kommune	2021/993
RS 18/23	Innvilga søknad om snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - Roy Hegre	2023/1369
RS 19/23	Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking av beitedyr i SVR	2022/9862
RS 20/23	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i verneområdet SVR. Veringsdalen gnr. 10, bnr. 1. Kambo Energi. Bykle kommune.	2022/10951
RS 21/23	Innvilga søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved. Gnr. 68, bnr. 5. Sandvasstøyle. Valle kommune.	2022/11026
RS 22/23	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2//32, Åseral kommune - Alf Torfinn Skeie	2023/1251
ST 4/23	Søknad om dispensasjon til bygging av ny driftehytte ved Degevassbu i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 20/1, Sirdal kommune - Jæren Smalalag	2023/1862
ST 5/23	Ny handsaming - søknad om utviding av gjetarhytte Skarvebu og søknad om landingsløyvye for helikopter. gnr. 5, bnr. 9 Pytten. Bygland kommune.	2022/4860
ST 6/23	Søknad om å arrangere turrennet Skoræ rundt. Ljosland i Åseral kommune.	2023/874
ST 7/23	Søknad om dispensasjon til motorferdsel på barmark til Kvina gruve i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 191/1, Kvinesdal kommune - Direktoratet for mineralforvaltning	2023/123
ST 8/23	Prioritering av tiltaksmidler for 2023	2022/9392
ST 9/23	Førebuaende klagehandsaming - Søknad om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i SVR gjennom deltaking på STF si kvisting av klyper - Speidernes Beredskapsgruppe	2022/9103
ST 10/23	Eventuelt	

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent

ST 2/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Steinar Kyrvestad og Sigbjørn Åge Fossdal vart valt til å skrive under protokollen

ST 3/23 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Forvaltningssekretariatet orienterte kort om desse sakene:

Reiserute for styreturen 21-24 mai

Kongeleg resolusjon for vilkårsrevisjonen for Sira-Kvina reguleringane

Klageavgjerd for sak om badestamp i Grytdalen

Politiets si avgjerd i meld sak

RS 1/23 Referatsaker

RS 2/23 Bygland - 4/2 - søknad om motorferdsel i SVR - helikoptertransport

RS 3/23 Innvilga søknad om omlegging av DNT sør si vinterløype nord for Langevatn i Åseral og Bygland kommune. Agder Energi.

RS 4/23 Tillatelse til transport med helikopter

RS 5/23 Vedk. førespurnad om utsatt klagefrist

RS 6/23 Innvilga søknad om løyve til stikking av turistløypa til Sloaros. Hovden Hytteservice AS. Bykle kommune.

RS 7/23 Tillatelse til transport med snøskuter gnr/bnr 9/1 i Sirdal

RS 8/23 Tillatelse til å bruke ATV med belter og snøskuter til hytter i Hægebostad kommune

RS 9/23 Tillatelse til å bruke snøskuter for å frakte nødvendig material, utstyr, proviant ol. Åseral kommune

RS 10/23 SVR - nye representantar i verneområdestyret for Setesdal vesthei

RS 11/23 Innvilga søknad om endring i snøscooterløyve. Uhomsstøylen 3/17. Rune Wehus. Bygland kommune

RS 12/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 5/23, Bygland kommune - Erik Årstad

RS 13/23 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking av beitedyr i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde

RS 14/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i samband med filming ved Øyarvatnet i

Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - SRS Media

RS 15/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal kommune - Blåfjell beitelag

RS 16/23 Innvilget løyve til å transportere brensel, utstyr og proviant til hytter øst for Kvifjorden gnr/bnr 5/12 i Bygland kommune

RS 17/23 Innvilga søknad om endring i snøscooterløyve. 50/1 Bossbustøylane. Inga Beth Bø Uppstad. Valle kommune

RS 18/23 Innvilga søknad om snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - Roy Hegre

RS 19/23 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking av beitedyr i SVR

RS 20/23 Innvilga søknad om bruk av snøskuter i verneområdet SVR. Veringsdalen gnr. 10, bnr. 1. Kambo Energi. Bykle kommune.

RS 21/23 Innvilga søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved. Gnr. 68, bnr. 5. Sandvasstøylen. Valle kommune.

RS 22/23 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2//32, Åseral kommune - Alf Torfinn Skeie

ST 4/23 Søknad om dispensasjon til bygging av ny driftehytte ved Degevassbu i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 20/1, Sirdal kommune - Jæren Smalalag

Forvalters innstilling

Jæren Smalalag får dispensasjon til å bygge ei driftehytte ved Degevassbu i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 10/1, Sirdal kommune. Driftehytta kan ha eit areal på

inntil 42m² (BYA) og ei mønehøgde på inntil 4m frå gjennomsnittleg bakkenivå. Bygningen må plasserast som vist på kartet under. Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova, første ledd.

Vedtaket er grunngjeve med at plasseringa av bygningen gjer at den negative innverknaden på landskap er avgrensa, og at den nye driftehytta erstattar ein annan bygning på staden. I tillegg blir det lagt vekt på at bruken av hytta vil bli låg og avgrensa til beitesesongen, samt at villreinens i svært liten grad har brukt dette område sidan 1990-talet. Slik at forstyrring av villrein og anna vilt vil bli lite omfattande og forbigåande. Bygningen vil såleis ikkje være i strid med verneverdiar og verneføremål. Det blir og lagt vekt på at driftehytta er nødvendig i samband med tilsyn og sanking av sau i Sinneshei.

Plassering av ny driftehytte



Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Hytta må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane omsyn til utforming og overflatebehandling. Overflatebehandling av veggjar og tak må derfor være i matte fargar
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Alt avfall frå bygging må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar
- Bruken av driftehytta må avgrensast til aktivitet knytt til tilsyn og sanking av sau i beitesesongen (15.06-30.11).
- Det må søkast om eigen dispensasjon til motorferdsel i samband med tiltaket.
- Dispensasjonen gjeld fram til 20.02.2026

Vi vil gjere merksam på at det er nødvendig med dispensasjon frå kommunen og samtykke frå grunneigar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvalters innstilling

ST 5/23 Ny handsaming - søknad om utviding av gjetarhytte Skarvebu og søknad om landingsløyvye for helikopter. gnr. 5, bnr. 9 Pytten. Bygland kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, får Jan Ove Pytten Flodquist løyve til å føre opp eit tilbygg på inntil 27,7 m² BYA på eksisterande gjetarhytte Skarvebu, gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Storleiken på gjetarhytta vil etter dette bli 57,7 m² BYA.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- På yttervegg skal det nyttast ståande kledning og med fargebruk som på eksisterande gjetarhytte. Taktekke skal vera med shingel tilsvarende som på eksisterande del av bygningen.
- Maksimalt tillate mønehøgde på tilbygget er 4,5 meter målt frå gjennomsnittleg terrenghøgde.
- Til fundament skal det nyttast naturstein eller støypte pålar. Høgda på fundamenta skal vera maksimalt 50 cm. Planering av byggetomta er ikkje tillate.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak.
- Byggeløyvet gjeld til 20.2.2026. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig. I meldinga skal det leggjast ved bilete av ferdig tiltak.

Tiltakshavar er ansvarleg for å hente inn naudsynt tilating frå Bygland kommune.

Verneområdestyret legg vekt på at sauehald er ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden og der behovet for utviding av gjetarhytta er godt dokumentert. Vidare er garden Pytten gjeven ei særstilling i forvaltningsplanen med vekt på sikring av vidare drift. Eit tilbygg på eksisterande gjetarhytte vil ha liten negativ påverknad på landskapet. Storleiken på tilbygget vurderast som rimeleg i høve til tilsvarende saker.

Med heimel i kapittel IV pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Jan Ove Pytten Flodquist løyve til landing med helikopter til frakt av materialar og utstyr til Skarvebu gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Løyvet gjeld for inntil fem landingar i perioden 1.8.2023 – 31.10.2023 og er knytt til byggeløyvet gjeven ovanfor. Utgangspunktet for flyginga er båtopptrekket i Langevatn på Ljosland. Godkjend flygerute og landingspunkt er teikna inn på kartet i vedtaket

Vilkår:

- Flyginga mellom landingspunktka skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktka
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over.



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om innehavar av løyvet skal lande på andre sin eigedom oppmodar verneområdestyret om at det vert henta inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvaltarar innstilling

ST 6/23 Søknad om å arrangere turrennet Skoræ rundt. Ljosland i Åseral kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 4.1 får Ljosland skisenter løyve til å arrangere turrennet Skoræ rundt laurdag 11. mars 2023.

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får arrangør løyve til å nytte snøscooter til gjennomføring av arrangementet. Løyvet gjeld for:

- Bruk av to snøscootere i forkant av rennet for merking av løypa.
- Bruk av to snøscootere til Lakkenstova renndagen
- Bruk av to snøscootere frå Røde Kors til sanitetspostar.
- Ein snøscooter til å samle opp diverse skilt og utstyr etter at rennet er slutt


Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld berre i traseane merka av med raudt i kartet nedanfor
- Der fleire snøscootere har same endepunkt skal dei køyre i følge.
- Løyvet er berre gyldig saman med løyve for maskinpreparering av Skoræløypa
- Om det på renndagen, eller dei seinaste tre dagane føre, vert observert villrein, eller nye spor etter villrein, innan 500 meter frå løypa, skal arrangør avlyse rennet.

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at turrennet går i ein etablert løypetrase der det frå før er ein god del ferdsel. Tilleggsbelastninga som følgje av auka ferdsel og transport vil difor vera avgrensa og forbigåande. Verneområdestyret føresett at arrangør har gode rutinar for oppfylging av vilkåra i løyvet. Brot på vilkåra vil kunne få konsekvensar for seinare søknadar.

For seinare søknadar vil verneområdestyret signalisere at det ut ifrå verneomsyn ikkje er ønskeleg at tal deltakarar vert monaleg auka frå dagens nivå og at det kan bli aktuelt med eit øvre tak på dette.

Kart over godkjend renntrase og køyretrase:



For bruk av snøscooter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte køyring på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvalters innstilling

ST 7/23 Søknad om dispensasjon til motorferdsel på barmark til Kvina gruve i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 191/1, Kvinesdal kommune - Direktoratet for mineralforvaltning

Forvalters innstilling

Direktoratet for mineralforvaltning får dispensasjon til motorferdsel på barmark etter eksisterande gruveveg til Kvina gruver i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 191/1, Kvinesdal kommune. Vedtaket er fatta etter naturmangfaldlova sin § 48, første ledd.

Dispensasjonen gjeld transport av gjerdemateriell, utstyr og mannskap i samband med utskifting av øydelagte sikringsgjerder rundt gruveopninga. Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.06-31.10.2023. Dispensasjonen omfattar inntil 6 transportar med traktor med dumpartilhenger, og inntil 20 transportar med ATV. Transportane skal følgje eksisterande gruveveg som vist på kartet i dispensasjonen. Dispensasjonen omfattar og ein avgrensa transport av tungt utstyr mellom gruvevegen og gjerdet. Desse transportane må gjennomførast på ein slik måte at det ikkje oppstår køyreskader på terrenget.


Vedtaket blir grunngjeve med at motorferdsla skal følgje eksisterande veg over ein kort strekning i verneområdet. Faren for at det skal oppstå nye køyrespor og alvorleg forstyrring av viltet blir derfor vurdert som liten. Det blir og lagt vekt på at sikring av grueopninga er eit nødvendig tiltak.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå køyretraseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa

- Når alle transportane er utført skal det gjennomførast ei sluttsynfaring på staden
- Eventuelle køyreskader på terrenget må utbetrast
- Det må sendast ein kort rapport over kor mange transporter som er gjennomført innan
01.12.2023

Tiltaka på gjerdet blir rekna som vedlikehald av anlegg etter punkt 1.3.b i verneføreskrifta og er såleis ikkje søknadspliktig.



Kart over køyrerute i verneområdet

For motorferdsel i utmark vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte køyring på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvalters innstilling

ST 8/23 Prioritering av tiltaksmidler for 2023

Forvalters innstilling

På bakgrunn av den tildelte ramma på kr 1.000.000,- fordeler verneområdestyret midlane til tiltak i verneområda for 2023 på denne måten:

NrTiltak Stad Sum

Pågåande skjøtselstiltak

- 1.Skjøtsel slåttevær, Vidmyr Vidmyr NR/Bykle 40.000
- 2.Skjøtsel slåttevær, Hisdal Hisdal NR/Bykle 58.000
- 3.Skjøtsel slåttevær, Stovo Dyråheio/Suldal 30.000
- 4.Skjøtsel slåttevær, Mån Frafjordheiane/Gjesdal 45.000
- 5.Skjøtsel slåttevær, Øyastølmyra Øyastøl/Hjelmeland 25.000
- 6.Fjerning av parkslirekne Nordraheia/Hjelmeland 25.000
- 7.Skjøtsel slåttevær, Flottstølmyra Hovden/Bykle 30.000

Sum pågåande skjøtselstiltak **253.000**

Andre tiltak

- 8.Kartlegging av slåttevær på Brotteliid Steinsbuskardet/Bykle 40.000
- 9.Rydding av stiar i Kvanndalen Kvanndalen/Suldal 15.000
- 10.Rydding av stiar til Dyråheio Dyråheio/Suldal 10.000
- 11.Rydding av plast frå kalkingsprosjekt SVR/Valle/Sirdal 15.000
- 12.Utbetring av ferdselsveg, Storådal Lusaheia/Hjelmeland 40.000
- 13.Drift av elektroniske infotavler SVR/Sirdal/Kvinesdal 12.000
- 14.Drift av to nettsider Alle 15.000
- 15.Teljing av ferdsel i Flatstøldalen SVR/Sirdal 40.000
- 16.Teljing av ferdsel til Sandvatnet Kvanndalen/Suldal 30.000
- 17.Teljing av ferdsel i Sloarosløypa SVR/Bykle 30.000

Sum andre tiltak **247.000**

Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar

- 18.Informasjonstiltak på sti, Hovdenuten SVR/Bykle 74.000

- 19.Sikrings- og erosjonstiltak, Gurostien SVR/Valle 15.000
- 20.Opplysningsskilt ved Rogelåni SVR/Sirdal 30.000
- 21.Infoformasjonsskilt Nesflaten Kvanndalen/Dyraheio/Suldal 260.000
- 22.Informasjonsskilt på Bortelid SVR/Åseral 40.000
- 23.Oppsetting informasjonsskilt Høgaleite Frafjordheiane/Gjesdal 57.000
- 24.Informasjonsskilt Funningsland Nordraheia/Hjelmeland 10.000
- 25.Informasjonsskilt Førrevassdammen Lusaheia/Hjelmeland 7.000
- 26.Informasjonsskilt Øvre Moen Dyraheio/Suldal 7.000

Sum tiltak på innfallsportar **500.000**

Total sum 1.000.000

Dersom nokre av tiltak ikkje kan gjennomførast som planlagt, og det oppstår behov for omdisponering, blir denne omdisponeringa delegert til forvaltningssekretariatet i samråde med styreleiar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvaltars innstilling

ST 9/23 Førebuande klagehandsaming - Søknad om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i SVR gjennom deltaking på STF si kvisting av klyper - Speidernes Beredskapsgruppe

Forvalters innstilling

Det visast til klage frå Speidernes Beredskapsgruppe, dagsett 09.01.2023, på vedtak fatta av AU i verneområdestyret for SVR 19.12.2022, sak 56/22. Det visast og til nemnte vedtak og grunngjevinga av dette.

Med heimel i forvaltningslova § 33 opprettheld verneområdestyret vedtaket i AU-sak 56/22, der det vart gitt avslag på søknad om gjennomføring av kjentmannsturar gjennom deltaking på Stavanger turistforenings kvisting av løyper. Etter verneområdestyret si vurdering inneheld

ikkje klagen moment som ikkje inngjekk i AU si handsaming av saken. Saken sendast derfor til Miljødirektoratet for endeleg klageavgjerd.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Einstemmig vedtatt som forvalters innstilling

ST 10/23 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 20.02.2023

Behandling

Vedtak

Inger Lise Stuelien stilte spørsmål rundt ei brev forvaltningssekretariatet hadde sendt ut i samband med oppfølginga av verneområdestyret sitt vedtak i styresak 4/22.

Forvaltningssekretariatet orienterte om bakgrunnen for brevet i møtet, og ein grundigare orientering vil bli sendt styremedlemmane på e-post.